



**Arkiv:** PlanID-2022001,  
Plannavn-  
Kommuneplanen sin  
arealdel for Alver,  
Komnr-4631, FA-L13

**JournalpostID:** 22/25859

**Saksbehandler:** Marte Hagen Eriksrud

**Dato:** 31.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
	Utval for Areal, plan og miljø - styringsgrupper	06.04.2022

## Kommuneplanen sin arealdel - møte med statsforvalteren og utkast til planprogram

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Det er ikkje framlegg til vedtak i dette styringsgruppemøte

### Bakgrunn

Utval for areal, plan og miljø er politisk styringsgruppe for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel for Alver. Arbeidet med planprogram for planarbeidet er i prosess.

Styringsgruppa ynskjer dialog om samarbeid mellom kommune og statsforvaltar i arbeidet med kommuneplan for Alver. Første del av møtet er dialog og drøfting mellom politisk styringsgruppe og representantar frå Statsforvaltaren.

I styringsgruppemøte vert utvalet invitert til å drøfte og gje innspel til utkast til planprogram som er under utarbeiding. Føremål med møte er samtale og diskusjon på utvalde deler av planprogrammet som er i prosess.

### Agenda for møte

Føremål med møte er drøfting/diskusjon/innspel på prosessen med kommuneplanen sin arealdel.

Introduksjon til dagen	Marte Hagen Eriksrud
<b>Bolk 1 – Møte mellom statsforvaltaren og politisk styringsgruppe for kommuneplanen sin arealdel</b>	
Innleiing ved utvalsleiar	Utvalsleiar for areal, plan og miljø Malin Andvik
Innlegg ved statsforvaltaren	Rep. frå statsforvaltaren
Samtale og dialog	Ordstyrar; utvalsleiar
<b>Bolk 2 – Utkast til planprogram</b>	
Framdrift og prosess	Kristin Nådmdal
Om utkast til planprogram	Marte Hagen Eriksrud

Medverknad og kommunikasjon	Line Thuen Waage
Arealinnspel	Marte Hagen Eriksrud
Arealreserve i gjeldande planar	Sondre Sognnes Haugen
<b>Bolk 3 - Vidare prosess</b>	
Planforum og vidare prosess	Marte Hagen Eriksrud

### Saksopplysninger:

Det vert lagt opp til innlegg frå administrasjonen på følgjande tema:

#### Framdrift

I arbeidet med kunnskapsgrunnlaget til planprogrammet erfarer administrasjonen at det mykje arbeid som må på plass for å få landa ein kommuneplan for Alver. Dette blir den første kommuneplanen sin arealdel for Alver og den vil peike retning for samfunnsutviklinga. Vi skal invitere Alver samfunnet inn i planprosessen og ha solid politisk forankring undervegs i prosessen.

Forslag til framdriftsplan vert presentert i møte.

#### Om utkast til planprogram

Administrasjonen presiserer at det vedlagte utkast til planprogram er i prosess og ikkje er eit ferdig dokument. Det er eit dokument som skisserer kva utgreiingsbehov som må gjerast, korleis vi skal medverke og prosess med arbeidet. Administrasjonen vurderer at det er hensiktsmessig i den fasen vi er i no, å sende ut eit framlegg til planprogram som vi i fellesskap med politisk styringsgruppe kan drøfte. Slik dokumentet ligg føre no, er det litt for omfattande tekst på ein del av tema. I vidare arbeidet, fram mot politisk handsaming, skal vi jobbe med å redusere omfang av tekst på kvart tema og sikre at planprogrammet har klart språk.

I møte vil administrasjonen orientere om kva som ligg i utkastet per no, oppbygging av dokumentet, og sentrale avklaringar som gjenstår.

Deler av planprogrammet er og avhengig av den pågåande prosessen med å avklare aktuelle endringar i samfunnsdelen, etter høyring og offentlig ettersyn. Det er særleg knytt mot tema:


#### *Senterstruktur, bygdeutvikling og spreidd busetnad*

31. mars var det møte i politisk styringsgruppe for arbeidet med samfunnsdelen. Dette var eit vedtaksmøte kor kommunaldirektøren la fram forslag til vedtak til aktuelle endringar. Eit tema som per no ikkje er avklart i arbeidet med samfunnsdelen, er endelege formuleringar på senterstruktur, bygdeutvikling og spreidd busetnad. Teksten på desse tema i planprogrammet til arealdelen er på grunn av dette ikkje formulert ut enno.

#### Medverknad og kommunikasjon

Kommuneplanen er ein viktig plan for Alver. Det er avgjerande at vi i arbeidet klarer å sikre god og tydeleg kommunikasjon og medverknad.

Administrasjonen legg opp til at medverknadsprosessen skal delast inn i tre fasar;



I styringsgruppemøte vert det lagt opp til ein verkstad slik at utvalet kan kome med innspel på fora, møteplassar, kanalar for informasjon. Vi vil og synegjere dialog med råd og utval, lag og organisasjonar, næringsliv og innbyggjarar

Teksten i sjølve planprogrammet innehelder normalt ikkje detaljer omkring medverknad. Vi ynskjer brei medverknad i dette viktige planarbeidet. Administrasjonen ønskjer difor å utarbeide eit eige dokument med meir detaljert skildring av opplegg for medverknad og kommunikasjon.

#### Parallell prosess – høyring av planprogrammet og opning for å sende inn arealinnspel til planarbeidet

Administrasjonen ønskjer å legge opp til at vi gjennomfører høyring av planprogram og innspelsperioden parallelt i tid. Denne løysinga er mykje brukt. Det set krav til at vi klarer å vere tydelege i vår kommunikasjon om dette.

#### *Avgrensingar på kva type arealinnspel vi opnar opp for*

Kommuneplanen sin arealdel er ein full rullering på alle plantema. Samfunnsdelen og andre overordna føringar, legg nokre rammer for planarbeidet, som ein må følgje opp i arealdelen. Ambisjonen er at vi i planprogrammet er tydelege på kva tema vi ynskjer arealinnspel på.

Teksten i utkast til planprogram er ikkje klar når det gjeld om det er tema eller områder vi ikkje opnar for arealinnspel på. Vi ynskjer å drøfte eventuell avgrensing på tema i styringsgruppemøte.

#### *Prosess for handsaming av arealinnspel*

Planprogrammet legger føringar for korleis vi skal handsame arealinnspela. Opplegg for handsaming av innspel skal kommuniserast tydeleg ut, slik at alle som kjem med innspel, er godt kjent med prosessen.

Administrasjonen vil i møte legge fram forslag til prosess for handsaming av arealinnspela, og legge opp til at politisk styringsgruppa kan drøfte og gje innspel til forslag til prosess.

#### Vidare prosess

26. april skal planprogrammet til arealdelen opp som sak i planforum. I møte vil administrasjonen gi informasjon om kva planforum er, og forslag til tema vi særskilt bør løfte opp til diskusjon i planforum. Administrasjonen ønskjer å legge opp til innspel frå styringsgruppa på kva tema vi særskilt bør løfte i planforum.

#### *3 møte i politisk styringsgruppe før formell politisk handsaming av planprogrammet*

Administrasjonen ønskjer å legge til rette for eit tredje møte i politisk styringsgruppe når utkast til planprogram er tilnærma ferdig. Føremålet med møte vil vere at politisk styringsgruppa kan ha tid til ein grundig drøfting av planprogrammet i forkant av sjølve vedtaksmøte.

#### **Vedlegg:**

01.04.2022      Kommuneplanen sin arealdel Alver\_Utkast til  
planprogram\_010422

1717803